Norsk Kulturarv

# Årsmelding 2017

BYEN KUNNSKAP OPPLEVINGAR MENNESKET KYSTEN INNLANDET INSPIRASJON IDENTITET



2018 DET EUROPEISKE ÅRET FOR KULTURARV #EuropeForCulture

THE BEST IN HERITAGE
IN PARTNERSHIP WITH EUROPA NOSTRA

## VERN GJENNOM BRUK



*Sandfjord i Finnmark – eit fråflytta fiskevær*

# Årsmelding 2017

## 1. Bakgrunn

Stiftelsen Norsk Kulturarv (SNK) vart oppretta i 1993 av Oppland fylkeskommune og har 29 innskytarar av eigenkapital, hovudsakleg frå offentleg sektor.

Norsk Kulturarv hadde ved utgangen av 2016 1100 enkeltmedlemmer, 265 næringsmedlemmer og 100 kommunar med samarbeidsavtale.

134 bedrifter er pr. dags dato tildelt kvalitetsmerket Olavsrosa.

## 2. Visjon

Norsk Kulturarvs visjon er

*Vern gjennom bruk*

Utvikling av nye næringar gjennom bruk av kulturarvverdiar er ein vesentleg del av Norsk Kulturarvs arbeid. Norsk Kulturarv bidrar på denne måten til verdiskaping. Kulturminne som blir brukte aktivt, skapar tilhøyr og identitet.

Aktiv bruk er ein viktig premiss for ein levande og mangfaldig kulturarv.

Kulturarven er kjelde til livskvalitet gjennom gode opplevingar, samtidig som kulturarven gir grunnlag for næringsdrift. Inntekter som blir skapte, kan i neste omgang bli tilbakeført til vernearbeidet.

## 3. Formål

Norsk Kulturarv er ein interesseorganisasjon med formål å sikre kulturarven vår for komande generasjonar gjennom berekraftig bruk langs kysten, i innlandet og i bystrøk.

Norsk Kulturarv og er open for medlemskap for bedrifter, kommunar, fylkeskommunar, regionråd, organisasjonar og enkeltpersonar.

Norsk Kulturarv arbeider med haldningsskapande verksemd, informasjon og formidlar verdiar som **inspirasjon, kunnskap** og **identitet.**

Norsk Kulturarv skal profilere seg gjennom aksjonar, Olavsrosa, prosjekt og spesielle produkt.

## SNKs Strategiplan 2017-20

Stiftelsen Norsk Kulturarv sitt styre vedtok ein ny strategiplan gjeldande fram til og med 2020.

Visjonen vår – Vern gjennom bruk – er uendra, og det å sikre vår felles kulturarv er formulert som stiftelsens formål.

**Hovedmålsettingar:**

- Norsk Kulturarv skal ivareta interessene til eigarar og brukarar av freda og verneverdige kulturminne
- Norsk Kulturarv skal arbeide for og delta aktivt i forsvarleg næringsutnytting av kulturarven
- Norsk Kulturarv skal gjennom økonomisk og fagleg bistand drive aktivt kulturminnevern med heile landet som arbeidsområde

**Arbeidsområda:**

- Ivaretaking av kulturarven og verdiskaping.
- Kommunikasjon- og profileringsarbeid – Synleggjering av innsatsen vår.
- Politisk påvirkningsarbeid.
- Nettverksbygging.
- Immateriell kulturarv.
- Berekraftig økonomi for organisasjonen.
- Kompetanse.

Strategiplanen dannar grunnlaget for årlege, konkrete handlingsplaner.

## 5. Styret si årsmelding for 2016

Stiftelsen Norsk Kulturarv sitt styre har i meldingsåret hatt 5 styremøte derav eitt på telefon, og har behandla 45 saker. Styret har i meldingsåret bestått av:

**Styremedlemmer**

- Kirsti Kolle Grøndahl – leiar
- Bjørn Ølander – nestleiar
- Jarle Braut fram til årsmøtet
- Hanne Kristin Jakhelln
- Randi Bårtvedt frå årsmøtet
- Øystein Rudi
- Steinar Sørli
- Reidar Stangenes inntil avløysing av Tor Valdvik

**Vara**
- Randi Bårtvedt fram til årsmøtet
- Hilde Grytting
- Dag Terje Klarp Solvang valgt på årsmøtet i 2017

**Tiltredande til styret:**
- Jens Peter Ringstad, Fagrådet

Andre tillitsvalde i Norsk Kulturarv:

**Valgkomité**
- Ole Tvete Muriteigen – leiar
- Kirsti Indreeide
- Erling Lae

**Norsk Kulturarvs Fagråd**
- Jens Peter Ringstad – leiar
- Bjørg Aaseng Vole
- Eir Ragna Grytli
- Arnstein Brekke

Stiftelsen er også morselskap med 100 % eigarskap i Senter for bygdekultur AS og 67 % av aksjane i Handverksskolen AS. Studieforbundet kultur og tradisjon eig dei andre 33 % av aksjane i Handverksskolen AS.

Styreleiar har fast godtgjersle, resten av styret har møtegodtgjersle for frammøte

## 6. Administrasjonen

Administrasjonen i Norsk Kulturarv har i meldingsåret hatt kontor i Edvard Storms veg 26 (den gamle prestgarden Ullinsvin) i sentrum av Vågåmo, men hatt tilhald i anna kommunalt lokale ein del av året grunna oppussing i Ullinsvin.

I tillegg har Norsk Smaksskule hatt kontor på Lillehamme

Ved årsskiftet bestod administrasjonen av følgjande:
- Erik Lillebråten, Direktør
- Randi Anita Skogum
- Organisasjons-medarbeidar
- Tor Valdvik , Prosjektleiar Norsk Smaksskule
- Per Ivar Berget
- Kjøkenfagleg medarbeidar i Norsk Smaksskule

Dette representerer ved årsslutt 3,7 årsverk, der 1,7 av desse er tilknytta Norsk Smaksskule.

Mathias Øvsteng gjekk over til alderspensjon i 2016, men var engasjert i arbeid med magasinet Kulturarvens fyrste utgåve i 2017 (t.o.m februar 2017).

Reidar Stangenes sa opp stillinga si og tek ut pensjon f.o.m 1. desember 2017.

## 7. Årsmøtet 2017

Norsk Kulturarv sitt årsmøte vart halde i «Den gamle krigsskole» (T10) i Tollbugata 10 i Oslo onsdag den 31. mai.

I møtet vart Mathias Øvsteng og Jarle Braut æra med Norsk Kulturarvs gullnål.

Etter årsmøtet vart det halde eit «MINISEMINAR» der tema var foreløpige funn i samband med rapporten om kommersiell aktivitet i og rundt freda og verna kulturminner.

Ettermiddagen vart avslutta med omvisning i dei ærverdige lokala til krigsskulen.

Årsmøtet var ope for alle samarbeidskommunar, enkelt-, bedrifts- og næringsmedlemmer. .

## 8. Økonomi

Etter framlegging av økonomirapport for 1. og 2. tertial i 2016, foretok styre og administrasjon grundige drøftingar og gjennomgangar, og budsjett for 2016 vart revidert. Det vart iverksatt tiltak for å oppnå framtidig balanse i økonomien, noko som gav utslag i forbetring av årsresultatet for 2016. Rekneskapen for 2016 synte til slutt eit negativt årsresultat for Stiftelsen Norsk Kulturarv på NOK 561 449,-. Styret slo fast at det var nødvendig å redusere bemanninga med om lag eitt årsverk for å oppnå balanse i regnskapet for 2017. Ansvaret for å foreta nødvendige oppgåvefordelingar, omorganiseringar og prioriteringar – heile tida med Norsk Kulturarvs formål i tankane – har vore og er delegert til direktøren.

I fyrste møte i 2017 gjekk styret igjennom og justerte budsjettet for 2017, og allereie i påfølgande møte kunne ein slå fast at økonomirapporten for fyrste tertial i 2017 var eit godt steg mot å skape balanse i regnskapet ved årsslutt. Det vart satt som ei forutsetning at aktivitetsnivået skulle forbli like stramt resten av året.

Regnskapen for 2017 syner eit overskott på NOK 372 451,-.

Styret meiner at den framlagde resultatrekneskapen og balansen med tilhøyrande noter gir tilfredsstillande informasjon om drifta i Stiftelsen Norsk Kulturarv pr. 31.12.2017.

Årsrekneskapen er sett opp under føresetnad av at det er grunnlag for framleis drift.

Sum bunden eigenkapital (stiftelseskapital og innskoten, registrert stiftelseskapital) er på kr 1 550 000,-.

Inntektene består av tilskott frå KLD (Klima- og miljødepartementet), LMD (Landbruks- og matdepartementet), ulike former for prosjektstøtte og kontingentar. Vi vil halde fram med arbeidet for å få påreknelege rammer frå det offentlege og inngå nye, langsiktige samarbeidsavtaler med kommunar og private selskap.
Samarbeidsavtalen med Opplysningsvesenets Fond er reforhandla, og det er inngått avtale med Fagbevegelsen.

Grunnstøtta frå Klima- og miljødepartementet var i
2015: kr 1 140 700
2016: kr 1 116 600
2017: kr 1 150 000




*Filtvet fyr*

## 9. Likestilling og arbeidsmiljø

Styret består av 3 kvinner og 3 menn, administrasjonen av 1 kvinne og 1 mann, pluss 2 menn knytta til Norsk Smaksskule.

Arbeidsmiljøet i Norsk Kulturarv er godt.

Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.

## 10. Styret si vurdering for det vidare arbeidet

Norge har ein stor ressurs i vår kulturarv. Vi meiner at vi best tar vare på kulturarven når den er i aktiv bruk og når den får nye bruksmåtar, tilpassa vår tid.

Norsk Kulturarv skal stå fram som ein profilert aktør i forvaltninga av aktivt miljø- og kulturvern. Norsk Kulturarv skal stå i fremste rekkje når det gjeld informasjon, haldningsskapande arbeid, rådgiving og deltaking i ulike forum der næringsutvikling basert på ulike kulturminne er tema.

Det må utviklast eit betre samarbeid mellom organisasjonane som arbeider for kulturarv, bygdeturisme og matkultur til beste for næringsutøvarar og samfunn.

For å vidareutvikle reiselivet i Norge er det viktig å bruke kulturarven vår, med norsk mat og norske mattradisjonar, og å vidareutvikle kulturlandskapet.

Styret meiner det er godt grunnlag for vidare drift..

## 11. Utoverretta verksemd

Enkeltpersonar, lag/organisasjonar og kommunar/fylkeskommunar kan vera medlemmer i Stiftelsen Norsk Kulturarv.

**«Rydd eit kulturminne»**

Ryddeaksjonen har som mål å bevare kulturminne, men samtidig skapar aksjonen mykje aktivitet rundt kulturminnet. I tillegg til at deltakarane lærer om kulturminnevern i praksis, får dei også mange andre viktige verdiar med på vegen.

Fyrste ryddeaksjonen til Norsk Kulturarv vart arrangert i år 2000. Frå før hadde vi god erfaring med aksjonen «ta eit tak».

Med «Rydd eit kulturminne» blir barn og unge engasjert til å ta del i lokalt kulturminnevern.

Aksjonen skapar ein unik arena der barn og unge blir kjende med kulturarven sin, samtidig som dei aktivt tek del i bevaring og formidling av kulturarven. Takka vera samarbeidspartnarar – både finansielle og andre – kan denne aksjonen bli arrangert. I fyrste rekkje som bidragsytarar står Sparebankstiftelsen DNB og Riksantikvaren. Tildelte midler blir brukte til stipend og premiering.

Ryddeaksjon 2017/18 hadde eit budsjett på NOK 900 000,-. 80 søknadar frå heile landet er motteke, og nye søknadar blir behandla fortløpande.

**Totalt har vi gjennom aksjonane delt ut ca 6,5 millionar**



*Steilene fyr*

**kroner til prosjekt som har engasjert 31 220 barn og unge!**

I 2012 vart Norsk Kulturarv tildelt Europa Nostra Award og EU-kommisjonens Grand Prix for aksjonen «Rydd et kulturminne», og har i ettertid erfart at dette har gjeve oss oppmerksomheit langt utover landets grenser.

**«Ta et tak»**

Hausten 2017 lanserte vi ny «Ta et tak»-aksjon. Denne gongen fekk vi NOK 3,1 millionar frå Stiftelsen UNI, men ei tilleggsløyving på opp til NOK 3,5 millionar gjorde at så og seia alle søknadar vart imøtekome.

«Ta et tak 2017–18» er den 12. aksjonen sidan byrjinga i 1998.

**Ca 23 millionar er nå fordelt på 2 813 prosjekt i løpet av dei 12 aksjonane våre.**

**«Norsk Smaksskule»**

Smaksskulen er ein aksjon retta mot barn i barnehagar og grunnskule, der vi ønskjer å inspirere til interesse for mat- og råvarekunnskap som ein del av identitet og kulturarv. Det er viktig å lære barn til å setja pris på dei norske råvarene, dei naturlege smakane og den særnorske matkulturen.

Så langt har meir enn 700 lærarar og barnehagelærarar frå heile landet blitt kursa og over 75 000 barn og unge har blitt engasjert i smakens teneste. Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med Sparebankstiftelsen DNB og Nærings- og Fiskeridepartementet. Kurshaldarar er profilerte kokkar som Arne Brimi, Frode Selvaag, Jørn Lie og Wenche Andersen, saman med dr Agric Einar Risvik frå NOFIMA.

I 2017 fekk Norsk Smaksskule tilskott pålydande kr 500.000,- frå Nærings- og Fiskeridepartementet og tilsagn om gåvemidlar pålydande kr 2.800.000,- frå Gjensidigestiftelsen til kosthaldsprosjekt i Norsk Smaksskule med oppstart 1. januar 2018.

Norsk Smaksskule er drifta med Tor Valdvik og Per Ivar Berget som ansatte.

**Kommunesamarbeidet**

Kommunesamarbeidet omfattar ved årsskiftet 100 kommunar.

Avtala med kommunane omfattar profilering av ulike mindre, ikkje-kommersielle kulturminne i kommunane, undervisningsopplegg for grunnskulen og prioritert deltaking i samband med Norsk Kulturarvs aksjonar.

**Informasjon**

Nettsida vår, *www.kulturarv.no,* er ein betydeleg informasjonskanal.

I fleire år har samarbeidet med NAF og Nasjonal Turistveg/ Statens Vegvesen vore av stor betydning for Norsk Kulturarv og våre medlemsbedrifter, Olavsrose-stader og kommunar.

I samarbeid med NAF har Norsk Kulturarv gjort det norske folk oppmerksom på kulturminner i heile landet. Informasjonen har i fyrste rekkje vore retta mot NAFs 500 000 medlemmar. Dette samarbeidet har nå pågått i fem år.

I 2012 vart Norges Automobilforbund (NAF) og Norsk Kulturarv enige om å innlede eit samarbeid for å få fram dei viktigaste kulturminna i kvar kommune i Norge. Dette førte til at ordførarane i alle landets kommunar fikk velge eit kulturminne som fekk sin eigen presentasjonen i NAF vegbok 2014.

I løpet av 2017 vart informasjonen oppdatert til bruk i NAF vegbok som kom ut vinteren 2018.

NAF og Norsk Kulturarv har begge hatt nytte av å jobbe med kvarandre. To organisasjonar med heile landet som arbeidsområde, med ulike, men kryssande interessefelt.

I 2015 kom boka «Utenfor allfarvei – Overnattings- og spisesteder med sjel», og året etter kom oppfølgaren «Norges beste omveier – Veier til gode opplevelser».

I 2017 kom bok nummer 3, «Norges beste utsikter – Utsikter som gir innsikt».

Aktivitet i sosiale medium er sentrale kanalar for basisinformasjon om organisasjonen. Vi har ei svært godt besøkt Facebook-gruppe. I løpet av 2018 reknar vi med å passere heile 5 000 medlemmar av gruppen vår !

Ein framifrå kommunikasjonskanal for gode kulturarv-saker.

Magasinet vårt, KULTURARVEN, kom ut med to nummer i 2017. I tillegg til distribusjonen blant medlemmer og næringsmedlemmer går KULTURARVEN til ulike politiske miljø både nasjonalt og regionalt, til kommunar med samarbeidsavtale, til bibliotek og ulike organisasjonar.

Frå og med Kulturarven # 80 (oktober 2017) er det Norsk Kulturarvs direktør som er redaktør.

Responsen på magasinet vårt er svært god, og vi er også sjølve veldig stolte av å kunna presentere eit så godt blad – fyrst og fremst til medlemma våre.

Magasinet har eit opplag på 6 500.

**Det nasjonale kvalitetsmerket Olavsrosa**

I 2017 er Olavsrosa utdelt til følgjande:

- Eidsverket, Aurskog-Høland i Akershus
- Aur prestegård, Aurskog-Høland i Akershus
- Eenstunet, Voss i Hordaland
- Kalsa Gårdsbakeri, Røros i Trøndelag
- Bleikvasslia i Hemnes, Nordland
- Sølvgarden, Valle i Setesdal
- Nordigard Blessom, Vågå i Oppland

**Norsk Kulturarvs æresspris**

Æresprisen går til enkeltpersonar eller grupper, lag og organisasjonar som har vist evne og vilje til å yte særleg aktiv innsats for den norske kulturarven.

Norsk Kulturarvs styre tildelte i 2017 stiftelsens æresspris til Christian Sulheim.

Sulheim fekk prisen for framifrå innsats i kulturminnevernet. Han har løfta saka til eigarane av freda kulturminne, teke initiativ til viktige institusjonar i norsk kulturvern og vore pådriver til å bygge opp varige verdiar på fagfeltet.

Sulheim medvirka sterkt til etableringa av Norsk Kulturarv i Vågå i 1993. og var organisasjonens fyrste direktør.

Under utdelinga på Sulheim den 15. september, mottok Christian Sulheim ein utskore primstav laga på Hjerleid, samt diplom.

Norsk Kulturarvs æresspris vart delt ut fyrste gong i 2007, blant anna til Jon Bojer Godal (2014), H.M. Dronning Sonja (2015) og Jon Brænne (2016).

**Norsk Kulturarvs gullnål**

Norsk Kulturarvs gullnål er tildelt Christian Sulheim, Martin Vik, Inger-Lise Gjørv, Rune Øygard, Jens Peter Ringstad, Magnar Lussand, Inger-Lise Skarstein, Birger Brandtzæg og Ellen Bojer Nordstoga.

I 2017 tildelte styret i Norsk Kulturarv gullnåla til Jarle Braut og Mathias Øvsteng. Utdelinga skjedde under stiftelsens årsmøte i Oslo.

Jarle Braut frå Bryne vart tildelt Norsk Kulturarvs Gullnål for framragande innsats for orgsnisasjonen gjennom mange år. Norsk Kulturarvs fagråd hadde følgjande begrunnelse for tildelinga:

"Jarle Braut får Norsk Kulturarv si gullnål for stor innsats for organisasjonen over lang tid. Med si interesse for kulturvern, sin kompetanse som bonde, si lange erfaring som sentral regionalpolitiker og med sitt store nettverk på sørvestlandet har Jarle vore ei viktig stemme og ein nyttig bidragsyter i styringa av Norsk kulturarv."

Mathias Øvsteng gjekk av med pensjon hausten 2016 etter mange års virke for den norske kulturarven og for Norsk Kulturarv. I fyrste rekkje som mangeårig redaktør av magasinet Kulturarven, men i periodar også med administrativt ansvar i organisasjonen. Fagrådets begrunnelse for tildelinga til Mathias Øvsteng var følgjande:

«Mathias Øvsteng får Stiftinga Norsk Kulturarv si gullnål for mangeårig solid arbeid i administrasjo-

nen i organisasjonen. Mathias har vore ein aktiv og positiv medspelar i utviklinga av Norsk Kulturarv. Han har brukt sin kompetanse mellom anna til å utvikle og foredle magasinet Kulturarven til å bli eit medlemsblad med aktuelt og interessant innhald og høg estetisk og grafisk standard».

**Den nasjonale kulturlandskapsprisen**

Norsk Kulturarv har teke initiativ til Den nasjonale kulturlandskapsprisen.

1 2017 vart prisen tildelt bøndene på Kvitsøy i Rogaland, og Landbruks- og matminister, Jon Georg Dale, overrekte prisen på Kvitsøy den 1. august.

Grunngjevinga for tildelinga til bøndene på Kvitsøy var:

«Bøndene på Kvitsøy får den nasjonale kulturlandskapsprisen for ivaretaking av ein beitetradisjon med sau på de artsrike kystlyngheiene på holmane ved Kvitsøy, som må betraktes som ein del av ein heilhet med svært stor verdi.

Bøndene utfører ein god og ekstra innsats for ivaretaking av kulturlandskapet og skårer høgt på fleire av kriteriene for prisen. Blant anna ved å vise at det er ein samanheng mellom kulturlandskap og verdiskaping i det dei har klart å etablere sine produkt under merkevaren "Kvitsøylam" som også ble tildelt ein høgthengande matkulturpris i 2007.

Dei skårer også høgt på kriterie om kunnskapsformidling i det dei overfører kunnskapen om beitetradisjonane til stadige nye generasjoner ved å la dei unge ta del i drifta med beitedyr på holmane.»

Jury for tildelinga var –

- Landbruks- og matminister Jon Georg Dale - Juryleiar
- Jørn Rolfsen, administrerande direktør i Landbruksdirektoratet
- Lars Petter Bartnes, leiar i Norges Bondelag
- Merete Furuberg, leiar i Norsk bonde- og småbrukarlag
- Jørn Holme, riksantikvar
- Kirsti Kolle Grøndahl, styreleiar i Stiftelsen Norsk Kulturarv

Norsk Kulturarvs direktør er sekretær for juryen.

**Hjerleid skole og håndverkssenter**

Norsk Kulturarv er sterkt engasjert på Hjerleid på Dovre. Hjerleid er ei samlokalisering for kulturbaserte næringar på Dovre.

Hjerleid er kjent som "treskjæringens Mekka". Landets eldste skule for handverk og husflid starta her i 1886. Skulen har ei lang historie og ønskjer å bære denne vidare inn i framtida.

For at kulturarven og tradisjonane skal leve vidare og vidareutviklast, må nye generasjonar få opplæring i desse. På Hjerleid blirhandverkstradisjonane halde i hevd. Samtidig er ein bevisste på at handverket må vidareutviklast for å tilpasse seg samtid og framtid.

Eit år på **Handverksskolen** er ikkje som på alle andre vidaregåande skular. Her får ein moglegheit til å drive med praktisk arbeid store delar av skulekvardagen.

Fagtilbod:

- Vg2 Design og trearbeid
- Vg2 Smed
- Vg2 Byggteknikk med vekt på tradisjonsbygging

Skulen er eigd av Norsk Kulturarv (67%) og Studieforbundet kultur og tradisjon (33%).

**Senter for bygdekultur** er eit kompetansesenter innanfor tre og handverk. Her tilbyr ein eit breitt spekter av veke- og helgekurs. Kursa tek for seg teknikkar som treskjering, malingslasering, tre-dreiing, ikonmaling, gyldenlær, verktøysliping, lafting, vindaugsrestaurering og muring. Det blir og halde kurs for barn i sommarferien.

Senter for bygdekultur skreddarsyr gjerne eigne kurs innanfor fagområde.

Senter for bygdekultur driv òg lærebedrift for lærlingar i treskjerarfaget. Dette er ei av få bedrifter i Noreg som tek inn lærlingar i treskjering. Ein har òg ei lærebedrift for møbelsnekkarar og for smedar. Senter for bygdekultur tek oppdrag innan smiing, møbelsnekring og treskjering.

Senter for bygdekultur er eigd 100% av Norsk Kulturarv.

Med støtte frå Oppland Fylkeskommune er det nå eit pågåande utviklingsarbeid for å styrke og vidareutvikle Hjerleid til eit senter for små handverksfag på nasjonalt nivå.

**Rapporten «Vern gjennom bruk – Hva hindrer næringsvirksomhet med utgangspunkt i kulturminner»**

Med støtte frå Riksantikvaren engasjerte Norsk Kulturarv analyseselskapet Oslo Economics i arbeidet med å kartleggje kva utfordringar ein blir møtt med i arbeidet med å leggje til rette for kommersiell aktivitet i og rundt landets kulturminne.

Responsen på rapporten har vore veldig god – frå eigarar, kommunar, fylkeskommunar og presse.

Det er tydeleg at tema har relevans for mange, og at ein bør benytte anledninga til å belyse det ytterlegare.

I etterkant av rapporten skisserar Oslo Economics ei oppfølging der ein konsentrerar seg om 4 av 6 tiltak skisserte i den opprinnelege rapporten:

- Tiltak 2: Justering av praksis i myndigheitsutøvelsen

- Tiltak 3: Eksempelsamling
- Tiltak 4: Kompetanse- og service-senter
- Tiltak 5: Tydelege retningsliner frå Riksantikvaren

Norsk Kuturarv har i 2017 søkt Riksantikvaren om ytterlegare midler til dette arbeidet.

Oppland Fylkeskommune er ein av instansane som har teke tak i rapporten og ønskjer å bruke den i verdiskapings-arbeidet sitt.

**Høgskulestudie i tradisjonsmat og matkultur**

Saman med Bodil Nordjore og Arne Brimi tok Norsk Kulturarv initiativ til arbeidet med å få oppretta eit høgskulestudie i tradisjonsmat og matkultur ved Høgskulen i Lillehammer. Dette prosjektet er under arbeid.

Det vart arrangert work shop i regi av Høgskulen Innlandet 12. mai der Norsk Kulturarv deltok.

**Medieomtale**

Det har vore arbeidd systematisk med kontakt mot pressa. Dette har ført til oppslag i nasjonale, regionale og lokale medium. Aksjonane våre – ikkje minst Norsk Smaksskule – får mykje god omtale.

Dekninga av overrekking av kvalitetsmerket Olavsrosa har vore svært god.

**Representasjon og møte**

Norsk Kulturarv har i løpet av meldingsåret deltatt i ei rekke møte med offentlege og private verksemder.

Det har elles vore diverse kontaktmøte med stortingspolitikarar og representantar for departement og andre sentrale styremakter.

Kontaktmøte med ei rekke instansar og samarbeidspartnarar, slik som Norges Kulturvernforbund, Norsk Kulturminnefond, Riksantikvaren, Norges Bondelag, Norsk Bonde- og småbrukarlag, Senter for Bygdekultur, Handverksskolen Hjerleid, Sparebankstiftelsen DNB, Gjensidigestiftelsen, Opplysningsvesenets Fond, VIRKE, NHO, Innovasjon Norge, Norges Automobilforbund, Fagbevegelsen i Norge (LO) og andre.

## Revisjon

BDO AS (Binder, Dijker, Otte & co) vart vald som revisor på årsmøtet i 2017.

Ansvarleg er statsautorisert revisor Rune Pettersen, Lillehammer.

Styret takkar administrasjon for godt arbeid i 2017.

Styret vil takke alle gode støttespelarar som har bidratt til arbeidet i meldingsåret.

Oslo, 20. april 2018

**Kirsti Kolle Grøndahl**
*Styreleiar*

**Bjørn Ølander**
*Nestleiar*

**Randi Bårtvedt**
*Styremedlem*

**Steinar Sørlie**
*Styremedlem*

**Hanne Jakhelln**
*Styremedlem*

**Tor Valdvik**
*Representant frå dei tilsette*

**Øystein Rudi**
*Styremedlem*

**Erik Lillebråten**
*Direktør*

# Resultatregnskap 2017

| | Note | 2017 | 2016 |
|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER** | | | |
| **Driftsinntekter** | | | |
| Inntekter fra samarbeidsavtaler | 6 | 33 000 | 25 000 |
| Prosjekttilskudd | 10 | 4 047 791 | 3 290 589 |
| Andre tilskudd/refusjoner | 11 | 1 679 169 | 1 868 351 |
| Diverse salgsinntekter og honorarer | | 67 840 | 106 509 |
| Medlemskontingenter | | 2 308 232 | 2 238 510 |
| **Sum driftsinntekter** | | **8 136 032** | **7 528 959** |
| **Driftskostnader** | | | |
| Varekostnad | 12 | 188 723 | 61 657 |
| Lønnskostnad | 2 | 3 115 675 | 3 694 729 |
| Avskrivning på varige driftsmidler | 8 | 162 334 | 162 334 |
| Administrasjonskostnader | | 273 359 | 272 953 |
| Kontorrekvisita, telefon og porto | | 97 253 | 116 169 |
| Konsulentbistand, revisjon mv. | 2 | 265 322 | 264 622 |
| Bilgodtgjørelse, reise og diett | | 361 123 | 547 939 |
| Markedsførings- og utviklingskostnader | | 31 187 | 46 778 |
| Kostnader vedrørende aksjoner | | 1 514 000 | 680 375 |
| Kostnader vedrørende prosjekter | | 1 276 890 | 1 550 606 |
| Leie, lisenser datasystemer | | 153 669 | 148 440 |
| Tap på fordringer | 7 | 9 585 | 35 000 |
| Produksjon og distribusjon Kulturarven | | 331 834 | 532 031 |
| **Sum driftskostnader** | | **7 780 953** | **8 113 633** |
| **DRIFTSRESULTAT** | | **355 079** | **(584 675)** |
| **FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER** | | | |
| **Finansinntekter** | | | |
| Annen renteinntekt | | 18 642 | 21 573 |
| Annen finansinntekt | | 210 | 2 455 |
| **Sum finansinntekter** | | **18 852** | **24 028** |
| **Finanskostnader** | | | |
| Annen finanskostnad | | 1 480 | 803 |
| **Sum finanskostnader** | | **1 480** | **803** |
| **NETTO FINANSPOSTER** | | **17 372** | **23 225** |
| **ORDINÆRT RESULTAT** | | **372 451** | **(561 449)** |
| **ÅRSRESULTAT** | | **372 451** | **(561 449)** |
| **OVERF. OG DISPONERINGER** | | | |
| Overføringer annen egenkapital | | 372 451 | 0 |
| Fremføring av udekket tap | | 0 | (561 449) |
| **SUM OVERF. OG DISP.** | | **372 451** | **(561 449)** |

# Balanse pr. 31.12.2017

| | Note | 31.12.2017 | 31.12.2016 |
|---|---|---|---|
| **EIENDELER** | | | |
| **ANLEGGSMIDLER** | | | |
| **Immaterielle eiendeler** | | | |
| Hjemmeside | 8 | 375 589 | 509 848 |
| **Sum immaterielle eiendeler** | | **375 589** | **509 848** |
| **Varige driftsmidler** | | | |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm. | 8 | 21 644 | 49 719 |
| **Sum varige driftsmidler** | | **21 644** | **49 719** |
| **Finansielle anleggsmidler** | | | |
| Aksjer i Senter for Bygdekultur AS | 3 | 100 000 | 100 000 |
| Aksjer i Handverksskolen AS | 3 | 110 000 | 110 000 |
| Aksjer i Kulturlandskapssenteret i Telemark AS | | 5 000 | 5 000 |
| **Sum finansielle anleggsmidler** | | **215 000** | **215 000** |
| **SUM ANLEGGSMIDLER** | | **612 233** | **774 567** |
| **OMLØPSMIDLER** | | | |
| Varer | 12 | 64 251 | 238 449 |
| **Fordringer** | | | |
| Kundefordringer | 7 | 120 258 | 507 875 |
| Andre kortsiktige fordringer | 9 | 899 620 | 646 274 |
| Forskuddsbetalte kostnader | | 68 256 | 62 551 |
| **Sum fordringer** | | **1 088 134** | **1 216 700** |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | 4 | 4 940 569 | 4 331 169 |
| **SUM OMLØPSMIDLER** | | **6 092 954** | **5 786 318** |
| **SUM EIENDELER** | | **6 705 187** | **6 560 885** |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **EGENKAPITAL** | | | |
| **Innskutt egenkapital** | | | |
| Stiftelseskapital | 13 | 200 000 | 200 000 |
| Innskutt, registrert stiftelseskapital | 5,13 | 1 350 000 | 1 350 000 |
| **Sum innskutt egenkapital** | | **1 550 000** | **1 550 000** |
| **Opptjent egenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | 13 | 2 208 593 | 1 836 142 |
| **Sum opptjent egenkapital** | | **2 208 593** | **1 836 142** |
| **SUM EGENKAPITAL** | | **3 758 593** | **3 386 142** |
| **GJELD** | | | |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | |
| Leverandørgjeld | | 242 102 | 53 710 |
| Skyldig offentlige avgifter | 4 | 152 516 | 196 800 |
| Annen kortsiktig gjeld | | 0 | 83 694 |
| Periodiserte midler "Fiskeprosjektet" | | 41 234 | 0 |
| Periodiserte midler "Rydd et kulturminne" | | 534 000 | 468 640 |
| Periodiserte midler "Norsk Smaksskole" | | 1 438 528 | 1 208 600 |
| Periodiserte midler "Ta et tak" | | 50 000 | 0 |
| Periodiserte midler "Dyrkekasseprosjektet" | | 212 835 | 227 356 |
| Forskuddsbetalte medlemskontingenter | | 0 | 588 500 |
| Påløpne feriepenger | | 275 379 | 347 443 |
| **SUM KORTSIKTIG GJELD** | | **2 946 594** | **3 174 743** |
| **SUM GJELD** | | **2 946 594** | **3 174 743** |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | | **6 705 187** | **6 560 885** |

# Noter

Note 1: Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.
*Driftsinntekter:* Salg av varer inntektsføres på leveringstidspunktet.
Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.
*Aksjer* i datterselskaper og tilknyttede selskaper er oppført til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.
*Varige driftsmidler* avskrives lineært over forventet økonomisk levetid. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader. Gevinst eller tap ved avgang av driftsmidler føres under henholdsvis driftsinntekter og driftskostnader.

Note 2: Ansatte, godtgjørelse mv.

| Lønnskostnader mv. | 2017 | 2016 |
|---|---|---|
| Lønninger | 2.575.032 | 3.097.539 |
| Arbeidsgiveravgift | 190.320 | 224.836 |
| Pensjonskostnader | 339.019 | 362.223 |
| Annen personalkostnad | 11.304 | 10.121 |
| Sum lønnskostnader mv. | 3.115.675 | 3.694.729 |
| Andel lønnskostnader direkte henført til prosjekter | 681.517 | 710.527 |

Stiftelsen har i 2017 sysselsatt 4 årsverk.

| Godtgjørelser daglig leder | |
|---|---|
| Lønn | 775.919 |
| Andre ytelser | 8.742 |

| Godtgjørelser styret | |
|---|---|
| Honorar styreleder | 53.951 |
| Andre styremedlemmer | 30.500 |

Selskapet er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskapet har pensjonsordning som tilfredsstiller kravene etter denne loven.

Netto pensjonsforpliktelse knyttet til pensjonsordning hos KLP er per 31.12.17 kr 1 333 206. Pensjonsforpliktelsen er i henhold til valgadgangen for små foretak ikke balanseført i regnskapet.

Revisor:

Kostnadsført honorar for lovpålagt revisjon og annen bistand i 2017 utgjør kr 120.872,-. Beløpet er oppgitt med forholdsmessig fradrag for mva.

| Selskapets navn | Antall aksjer | Eierandel |
|---|---|---|
| Senter for Bygdekultur AS | 549 | 100 % |
| Håndverksskolen AS | 10 | 67 % |

Note 4: Bundne midler

I posten "Kontanter og bankinnskudd" inngår et beløp på kr 107.880,11 som er sperret som sikkerhet for inntrukne skattetrekksmidler. Trekkansvaret utgjør kr 99.208.

Note 5: Innskutt, registrert stiftelseskapital

Innskutt, registrert kapital er fordelt på i alt 27 medstiftere med et kapitalinnskudd på kr 50.000,- hver.

Note 6: Samarbeidsavtaler

Pr 31.12.2017 har Stiftelsen Norsk Kulturarv følgende samarbeidsavtaler som har tilført Stiftelsen midler i 2017:

| Avtalepart | Varighet | Økonomisk ramme 2017 | Samlet beløp |
|---|---|---|---|
| Opplysningsvesenets Fond | 2017 | 25.000 | 25.000 |
| Sparebank 1 Lom og Skjåk | 2017 | 8.000 | 8.000 |

Note 7: Avsetning tap på fordringer

Avsetning til tap på fordringer reduseres med kr 35 000 til totalt kr 100 000 i 2017.

Note 8: Inventar, utstyr og hjemmeside

Det vises til vedlagte avskrivningsoversikt.

Note 9: Andre kortsiktige fordringer

Beløpet gjelder:

- Til gode merverdiavgift, kr 39.620,-
- Til gode tilskudd Rydd et kulturminne, kr 500.000,-
- Til gode tilskudd Ta et tak, kr 100.000,-
- Til gode tilskudd dyrkekasseprosjektet, kr 260.000,-

**Note 10: Prosjekttilskudd**

| | 2017 | 2016 |
|---|---|---|
| Tilskudd Årsmøte | 25 000,00 | 20 000,00 |
| Tilskudd Kulturlandskapsprisen | 90 000,00 | 40 000,00 |
| Tilskudd Ta et tak | 1 240 000,00 | 420 894,00 |
| Tilskudd Fiskeprosjektet | 208 766,00 | 666 760,70 |
| Tilskudd "Rydd et kulturminne" | 534 640,00 | 400 850,00 |
| Tilskudd dyrkekasseprosjektet | 14 521,00 | 32 644,00 |
| Tilskudd Riksantikvaren | 498 125,00 | - |
| Tilskudd Norsk Smaksskole | 1 436 739,00 | 1 709 440,00 |
| sum | 4 047 791,00 | 3 290 588,70 |

Tilskudd til prosjektene tas regnskapsmessig til inntekt i takt med at kostnadene vedrørende prosjektene påløper.

**Note 11: Andre tilskudd/refusjoner**

Av beløpet utgjør offentlige tilskudd fra Landbruks- og matdepartementet kr 355.000,-
, Miljøverndepartementet kr 1.150.000,-

**Note 12: Varelager/varekostnad**

Varelager bøker er i 2017 nedskrevet med kr 157 050 til 0 i verdi da det ikke antas å ha noen salgsverdi.

Vågå, den 31. desember 2017 / 19. april 2018

I styret for Stiftelsen Norsk Kulturarv

Kirsti Kolle Grøndahl
Leiar

Bjørn Ølander
Nestleiar

Øystein Rudi
Styremedlem

Randi Bårtvedt
Styremedlem

Hanne Kristin Jakhelln
Styremedlem

Steinar Sørlie
Styremedlem

Tor Valdvik
Representant frå dei tilsette

Erik Lillebråten
Direktør

BDO AS
Storgata 178
2615 Lillehammer

# Uavhengig revisors beretning

Til styret i Stiftelsen Norsk Kulturarv

## Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

### Konklusjon

Vi har revidert Stiftelsen Norsk Kulturarvs årsregnskap som består av balanse per 31. desember 2017, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2017, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

### Grunnlaget for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det kreves i lov og forskrift, og har oppfylt våre øvrige etiske plikter i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### Annen informasjon

Ledelsen er ansvarlig for annen informasjon. Annen informasjon består av all informasjon i årsmeldingen, med unntak av årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke annen informasjon, og vi attesterer ikke den andre informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese annen informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom annen informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den andre informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

### Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

BDO

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.

- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av stiftelsens interne kontroll.

- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.

- konkluderer vi på hensiktsmessigheten av ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen ved avleggelsen av årsregnskapet, basert på innhentede revisjonsbevis, og hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om stiftelsens evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon om årsregnskapet. Våre konklusjoner er basert på

revisjonsbevis innhentet inntil datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at stiftelsen ikke fortsetter driften.

- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettvisende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

## Uttalelse om øvrige lovmessige krav

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av stiftelsens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

### Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi stiftelsen er forvaltet og utdelinger er foretatt i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Lillehammer, 14. mai 2018
BDO AS

Rune Pettersen
Statsautorisert revisor



BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.

# STØTT OSS – BLI MEDLEM!

## www.kulturarv.no

*Vern gjennom bruk* er Norsk Kulturarvs visjon.

Gjennom samvirke mellom offentlege styresmakter, privat næringsliv og enkeltpersonar ønskjer Norsk Kulturarv å bidra til auka kunnskap og aktiv bruk av kulturarven vår. Kunnskap og bruk er det beste vernet av den norske kulturarven.

Kulturarv er ikkje berre gamle hus – det er matkultur og alt nordmenn har bygd, dyrka og dikta – frå vår gamle fellesarv til morgondagens kulturarv.

Norsk Kulturarv har eit breitt arbeidsområde, som omfattar alle delar av den materielle og immaterielle kulturarven – frå vikingskip til Prøysen.



**Støtt det praktiske kulturvernarbeidet gjennom medlemskap i Norsk Kulturarv**

**Ønskjer du å bli medlem i Norsk Kulturarv?**

**Send kodeord KULTURARV til 2090. Medlemskap kr 450,- pr. år.**





**Som medlem får du magasinet Kulturarven**

Norsk Kulturarv

VERN GJENNOM BRUK

**Bli ein del av Norsk Kulturarvs nasjonale nettverk!**


Kontakt oss på

*post@kulturarv.no*

*www.kulturarv.no*

@norsksmaksskule

Stiftelsen Norsk Kulturarv

**Besøk oss gjerne:**

Ullinsvin, Edvard Storms veg 26 – 2680 Vågå


